



Tarjei Styve  
Krokjen 215  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/3959 - 15/38320

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
23.05.2016

## Utsleppsløyve for bustad - gbnr 171/13 Seim.

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Tarjei Styve  
**Ansvarleg søker:** Hjelmås VVS AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av utsleppsløyve for bustad på gbnr 171/13. Eigedomen har eit eldre avlaupsanlegg med slamavskiljar. Det vert no søkt om å installera biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget skal gravast ned. I følgje søknaden skal avlaupet frå anlegget førast til etterpoleringsgrøft før det vert ført vidare til dreneringsgrøft som går under kommunal veg og ut på eigedomen gbnr 171/12.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.11.2015, supplert 01.03.2016.

#### Planstatus

Omsøkte tiltak ligg på del av eigedomen som er omfatta av reguleringsplanen for Rv 57 Espeland – Herland med arealplanid 1263-200401. Reinseanlegget skal plasserast på område som er avsett til offentleg trafikkområde, skildra som anna veggrunn.

Det er gitt dispensasjon frå reguleringsplanen i vedtak datert 23.05.2016.

#### Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

### **Uttale frå anna mynde**

Søknaden har vore på høyring til eining for Teknisk drift ved første gangs innsending av søknad og ved mottak av tilleggsdokumentasjon. Teknisk drift skriv i uttale datert 10.05.2016, følgjande:

*Teknisk drift har vore på synfaring og vurdert forholda på staden og vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:*

- *Minste avstand mellom ytterkant tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 8,0m.*
- *Eigedom ligg på eit nivå som er høgare enn kommunal veg. Under synfaring vart det registrert at det kjem mykje vatn frå eigedom ut i kommunal grøft og til vegkropp. Det har oppstått fleire hulrom i skråning mot eigedom. Etablering av minirenseanlegg vil kunne påvirke dagens infiltrasjon av vatn i grunnen. For å ikkje forværre situasjonen i området må ein forsterke fordrøyninga frå anlegget slik at vatn ikkje vert ført til veggrøft/vegkropp. Dette kan gjerast ved:
  - 1) Forlenging av etterpolerings/infiltrasjonsgrøft, eller
  - 2) sette inn ei fordrøyningskum etter den infiltrasjonsgrøfta som er vist på innsendt situasjonskart.*
- *Kommunalt leidningsnett ligg i grøft på motsatt side av vegen. Det vil derfor ikkje være aktuelt å føre vatn gjennom kommunal veg.*

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i datert 26.02.2016.

### **Reinseløysing**

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser, jf. Forureiningsforskrifta § 12-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c. Serviceavtale ligg føre.

### **Privatrettslege tilhøve**

Det reinsa avlaupsvatnet skal i følgje søknaden førast til jordbruksgrøft på gbnr 171/12 om lag på same stad som utsleppet frå eksisterande avlaupsanlegg går. Kommunen føreset at avtale med eigar av gbnr 171/12 ligg føre og at denne vert vidareført for det oppgraderte reinseanlegget.

### **Naturmangfaldlova**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn at tiltaket ikkje vil koma i konflikt med naturmangfaldslova.

## **VURDERING**

Eigedomen har i dag eit eldre avlaupsanlegg som ikkje held dagens krav til reinseløysing. Omsøkte tiltak vil gje eit avlaupsanlegg med reinsekrav som er i samsvar med gjeldande krav og vera ei klart forbetring i høve eksisterande situasjon.

Nærleiken til kommunal veg og kommunal hovudvassleidning som ligg langs den kommunale vegen på motsett side medfører utfordringar. Det vert sett krav om at reinseanlegget med anlegg for etterpolering skal etablerast i samråd med eining for Teknisk drift. Eininga skal kontaktast ved oppstart av arbeidet.

#### **Godkjenning etter anna lovverk**

Det ligg føre søknad om løyve til etablering av avlaupsanlegget etter reglane i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3. Søknaden vert handsama i eige vedtak.

#### **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for 1 bustadhus på gbnr 171/13 på følgjande vilkår:**

1. Avlaupet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det reinsa avlaupet vert ført til etterpoleringsgrøft og vidare til jordbruksgrøft.
2. Anlegget skal plasserast slik vist på situasjonskart som er signert og datert 26.02.2016.
3. Anlegget skal plasserast slik at det kan haldast vedlike og driftast av godkjend føretak.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Tiltaket er søknadspliktig etter reglane i plan- og bygningslova. Naudsynt byggjeløyve må liggja føre før arbeidet med etablering av anlegget vert sett i gang.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagan er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagan skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Ansvar**

*Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.*

#### *Bortfall av løyve*

*Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstilla arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.*

#### *Ferdigstilling*

*Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.*

*Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.*

*Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.*

#### *Tilsyn, endring og opphør av løyvet*

*Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følga. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si ytинг/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.*

*Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.*

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 15/3959**

#### Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hjelmås VVS AS  
Teknisk drift

Leiknesvegen 183 5915

HJELMÅS

**Mottakarar:**

Tarjei Styve

Krokjen 215 5912

SEIM